

Araliid – Arlia – Arlien (gnr. 132)

Araliid: Gardnamn som sikkert kjem av ari, fuglenamnet ørn ell. mannsnamnet Are. Skrivemåten av namnet har vore støare og med mindre avvik t.d. Aurlien.

Det er i eit diplom av 1320 ein finn gardnamnet skrive Araliid. Av år 1429 er eit døme på at namnet i dativ er skrive ”i Aralidennæ”. I bygdemålet vart dativforma tidleg avstutta til Arlien.

I år 1594 finn ein garden ført i gruppa for ”Halffue Gaarde”, og ”Areellid” svara da den utlikna ekstra bygningskatten med 1 ort som t.d. Diiserud, Hoffland og Grønnelid. Ti år seinare er det elles eit døme på at brukaren Siffuert Arrelidt er oppført blant ”Ødegaardsmend”. – Etter atter ein halv mannsalder er i 1620-21 garden atter ført i gruppa for ”Halve Gaarde”, og namnet på brukaren er da skrive Siffuer Argeliid. Denne merkelege skrivemåten av gardnamnet går så att fleire gonger på 1600-talet. I manntalet for Kvegskatten 1657 er det såleis fortalt at brukaren heitte Holm Argelin, og at buskapen hans der på garden var: 1 hest, 2 hopper, 8 geiter, 28 sauer og 3 griser. Garden hadde hatt god framgang og var som ein ser ein heller stor gard. I Mannekjønnsmanntalet 1665 er gardnamnet skrive ”Argelien”, og det er fortalt at brukaren egentleg heitte Holm Johannessen, og at han da var 50 år. Faren Johannes levde enda i 1665, men var da svært gamal, 100 år, og blind.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er gardnamnet skrive like eins for gardane Arlien og Aurlien, nemleg ”Aarlien”, og brukaren i Aarlien av skyld 2 ½ hud heitte framleis ”Holmb”. Men brukaren Holm Johannessen åtte ikkje sjølv heile garden. Han var berre eigar av jordegods der til ei landskyld av 1 hud. De andre eigarane i garden var Christiania schoole for jordegods til ei ½ hud, og vidare var Lauridtz Hualstad eigar av jordegods der til ei landskyld av 1 hud. – Vidare er det da om Aarlien gard oppgitt at enga, innmarka var ”schrien” och Kand iche videre Rødis”, men det var skog til gards nytte og seter og sommerbeite åt krøtera på Schielbresetter. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 12 naut, og korntienda vart utreidd med 2 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på ca. 25 tønner. Det er elles opplyst at Aarlien hadde eiga bekkekvern, som det vart svara 8 skl. i kverntoll av.

Same Holm Aarlien må elles ha vore ein framsynt, men mangfreistug kar. Slik ser det iallfall ut etter ei sålydande påskrift i Akershus Lensregnskap for 1681: ”Holm Aarlien for han tok Engestykke fra Hans Mellum. Bemeldte Holm Aarlien skal være rytterbonde som med de andre holdes fri, at fogden intet med dem har at bestille, og derfor intet herav bekommet.”

Den same saka kom elles fore på tinget på Mellum den 13. mai s. å. og er da etter utskrift av tingboka framstelt slik:

”Aarlien i Faaberg.

Mellem i Faaberg 13. mai 1681.

Hans Halfuordsen Mellomb tiltaler Holmb Johansøn Aarlien fordi han uten lov og dom og retmessig søkning har fratatt ham engelandet Fætten, som han upåanket har brukt i 40 år.

Saken optages om tre uker. 3. juni 1681.

Afsagt:

Holmb Aarlien som efter fremlagte dokumenter mener å være eier av engestykket Fætten, som Hans Mellomb har brukt uåanket i langsommelig tid, har uten lovlig søkning tiltatt sig

samme engestykke. Da dette er strengelig forbudt, bør Holmb Aarliens pleie Landsloven og indestå Hans Mellomb for det åvirkede hø 1 ½ rd. og i saksomkostninger 2 ½ rd. samt bøte 3 mark til engelandet Fætten må han søke på lovlig måte.”

To år seinare vart elles denne saka ordna såleis:

”Arlie i Faaberg.

Tollersrud i Fåberg 1. mai 1683.

Holm Aarliens har innstevnt hans Halvorsen Melum fordi han har bemektiget sig et stykke eng til full bruk og hevd.

Forlik:

Hans Halvorsen samtykket i at Holm Aarliens skulle beholde det omtvistede stykke eng.”

Men ein mannsalder seinare var det i 1719 sonen Johannes Holmsen som hadde tatt over og var brukar i Arlie. Han fekk da bygselseddel på det jordegodset til ½ hud som Christiania Communitet hadde overtatt grd. Arlie i Fåberg. Av eit tinglyst dokument dat. 12. novbr. 1721 går det elles fram at ei søster av Johannes Arlie, Kari Holmsdr., da var gift med Halvor Bergersen Jevne i Fåberg, og ei anna søster, Guri Holmsdr., var gift med Hans Christensen Mandstad i Gausdal.

To år seinare kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om ”Arlie” av skyld 2 ½ hud fortalt at garden ligg i ”Baglie” og var da tungbrukt, men jordarten var ”temmelig god, dog noget vaadlent”. Vidare var det skog til brenneved og gjerdefang ”samt noget til hustømmer”, men det var ingen utslåtter.

Husdyrhaldet i Arlie var da 3 hestar, 18 naut, 16 sauer og 7 geiter, og den årlege utsæden av korn utgjorde kring 6 tønner bygg og 1 skjepp rug. Vidare er det og opplyst at bekkverka framleis var i bruk, og at det til garden låg 1 husmannsplass med brukande jord.

År 1734 hadde elles Johannes Holmsen og kona hans, Ragnild Olsdr., vorte samde om å skifte med borna sine medan dei båe foreldra var i live. Ved dette skiftet som vart helde på ”Arlie i Faaberg”, utgjorde arvebuet omrekn i pengar brutto 368 rd. og netto 254 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan foreldra dei 7 borna i ekteskapet, og dei var: 1. Holm, 31 år, 2. Eli, 33 år, 3. Ole, 25 år, 4. Peder, 22 år, 5. Gunild, som var gift med Peder Koxlie, 6. Anne, som var gift med Nils Olsen Grimstad i Gausdal, 7. Ingrj, som da var 17 år. – Året etter fekk så eldste sonen, Holm Johansen, som namnet da er skrive, samsøskenskjøte på fedrenegarden Arlie, da av skyld 2 huder. Av dette skjøtet går det elles fram at eldste søstera, Eli Johansdr., da var gift med Lars lille Backe i Fåberg.

Holm Johansen, som da tok over som eigar og brukar av Arlie, hadde i 1734 gifta seg med Ingebor Bjørnsdr. Flygstad, og dei fekk fleire born. Av dei var dottera Ragnhild fødd i 1736, sonen Ole var visstnok den eldste av sønene, og sonen Peder var f. i 1743. Elles var det visst og ei dotter som heitte Sønnøv.

Men i 1739 ser det ut til at Holm Johansen Arlie i Fåberg sogn var i beit for pengar. Han lånte da 80 rd. av madame Else Holmboe, enke etter Melchior Høyer mot årleg rente og 1. pr. pant i ”1 hud i hans påboende gård Arlie som skylder 2 huder 6 skind med bøxel”. – Holm Johansen brukte elles garden vidare til han døde i 1764, 61 år gamal. Av skiftet i samband med dødsfaldet går det dessutan fram at grd. Arlie da vart verdsett til 440 rd., som så vart utlagt til kreditorane og borna. Samtidig gav Knut Joensen, som var gift med Ragnhild Holmsdr., kjøte til svogeren Ole Holmsen på grd. Arlie framleis av skyld 2 ½ hud for takstsummen 440 rd.

Den nye eigaren og brukaren av Arlien i Fåberg dreiv elles gardhandlar i andre bygder og fekk i samband med det rettssaker som kosta mange pengar. Ein av desse sakene har i utskrift av tingboka denne ordlyden: ”Arlien i Fåberg. 15 okt. 1770. Anders Larsen Domholdt av Norderhaug prestegjeld på Ringerike har innstevnt Ole Holmsen Arlien ang. en sluttet kontrakt og handel om gården Søndre Wejsten i Norderhaug. Ole Arlien møtte ikke. Gives laugdag til vårtinget.

19. juni 1771. Citanten erklærte at saken ved skriftlig forlik av 21. mars sistl. er avgjort og bilagt, hvorfor han begjærte denne sak opphevet.”

Om denne same sak handlar og sikkert ein obligasjon som den 18. juni 1770 vart lese ved tinget i Fåberg, og som etter utskrift er sålydande: ”Arlien. Obligasjon dat. 14. april 1770 tgl. 18. juni s. år. Ole Holmsen boende på gaarden Arlien i Fåberg prestegjeld er skyldig til de 2 menn Arne Christophersen og Simen Pedersen Lundgaard den sum 1800 rd., hvorav den første eier 1000 rd. og den siste 800 rd. mot årlig rente 4 %, og til sikkerhet for kapital og renter pantsetter han dem med første proritet sin eiende gård Arlien av skyld med underliggende herligheter 2 huder 6 skind samt alt sit løsøre.”

Året etter gav så den 19. juni 1771 Ole Holmsen Arlien skjøte til Elling Pedersen og Jens Svendsen på garden Arlien av skyld 2 huder 6 skinn for sum 1300 rd.

Dei nye eigarane Elling Pedersen og Jens Svendsen brukte så Arlien gard isaman til i 1783, da Elling Pedersen skjøta sin halvpart av garden, Arlien av skyld 1 hud 3 skinn, til Jens Svendsen Arlien, som han alt da skreiv seg, og kjøpesummen for halvparten av garden var da 725 rd. Dermed hadde altså Jens Svendsen atter samla Arlien av skyld 2 huder 6 skinn på si hand.

Frå to år seinare er ei tinglyst kontrakt mellom Erich Engebretsen Hakkerud i Gausdal og Jens Svendsen Arlien i Fåberg om at dei hadde bytt seterhus og seterlykkjer på Skielbreien seter. Bytet var elles ikkje like mot like, men Jens Arlien betalde 28 rd. i mellomlag. Etter dette brukte så Jens Svendsen sjølv garden til i 1798. Da skjøta han Arlien av skyld 2 huder 6 skinn over til sonen Thore Jensen for kjøpesum 799 rd. + føderåd til foreldra og føderåd til eldste broren Svend Jensen, som var sjuk og ufør og samtidig og overdro odelsretten til sin yngre bror Thore.

Etter atter tre år kom i 1801 påbodet om folketelling, og dat budde da 3 familiar på og/ved Arlien: Dei var: 1. familie: 1. Thore Jensen, husbonden, 26 år, 2. Giertrud Pedersdtr., kona hans, 26 år, 3. Hans Pedersen, tenestkar, 24 år, 4. Ole Pedersen, tenestkar, 17 år, 5. Kjersti Larsdtr., tenestkvinne, 18 år, 6. Kari Jensdtr., tenestkvinne, 15 år.

2. familie: 1. Jens Svendsen, føderådsmann, 73 år, 2. Mari Thorsdtr., kona hans, føderådskvinne, 62 år, 3. Svend Jensen, bror til husbonden, 40 år. 3. familie: 1. Lars Thomasen, husmann med jord, 43 år, 2. Kari Madsdtr., kona hans, 46 år, 3. Gunder Larsen, son deres, 8 år, 4. Mari Larsdtr., dotter deres, 4 år.

Det er elles å legge til at den unge husfrua i Arlien i denne tid, Giertrud Pedersdtr., var frå Tollersrud, og at ho og husbonden, Thore Jensen Arlien, gifta seg den 9. juni år 1800.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. der er det om garden Arlien fortalt at buskapen av store husdyr da var 4 hestar og 24 storfe, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 70 tønner. Det er vidare opplyst at det framleis var 1 husmannsplass med brukande jord til garden. – Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld i skylddalar, ort og skilling, og

garden Arlien fekk da som si nye matrikkelskyld: 10 dalar 1 ort 5 skilling, og det var enda Thore Jensen som var husbonde i Arlien. Men 11 år seinare skjøta så den gamle og gode brukaren av Arlien, Thore Jensen, garden til sonen sin, Simen Thoresen, for kjøpesum 1300 spd.+ eit føderåd verdsett til 300 spd., tilsaman 1600 spd.

I denne tida var det og fleire utskiftingar av sameigemark og skog som grd. Arlien og hadde bruksrett i. I 1847-48 var det såleis ”Mindelig Utskifting av ”Faaberg Vestfjeld”, og i 1863-64 var det utskifting av ”Sameieskov i Baglien”.

Husmannsplassen Årlistuen er nemnt i 1865. Simen Arlien gav da husmannsseddel til John Johnsen og kona hans på bruken av Årlistuen.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Arlien fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 357 mål, og av dette var 95 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet på Arlien med husmannsplassar utgjorde tilsam. 5 hestar, 26 storfe og 24 småfe, og den årlege utsæd var i den tid 15-16 tønner korn og 9-10 tønner settepoteter.

Same året, altså i 1865, var det i Arlien ei skyldsetningsforretning, og eit skogstykke av skyld 20 skilling vart fråskilt garden og selt til Ole Pedersen Simenrud for 200 spd. Frå denne tid er og ei tinglese kontrakt der Simen Arlien m. fl. sa seg viljuge til å avstå grunn til veig gjennom Baklia. Vidare var Arlien og part i saken da det i 1870-71 var utskifting av Skjelbrei- og Aaltjernsmarkens sameigeskog.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Arlien i Fåberg fekk da gardsnr. 132 av samla skyld 14,02 mark, og det var da 2 bruksnr. under gardsnr. 132. Det var: a. Grn. 132, Brn. Arlien av skyld 13,73 mark, der Simen Thoresen framleis var eigar og brukar, b. Brn. 2 Arlien skog, skyld 0,29 mark, som Peder Olsen Simenrud hadde overtatt. – Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at Ole Johanssen Stræte i 1889 hadde tilhandla seg Arlien brn. 1 av svigerfaren Simen Thoresen Arlien for kjøpesum kr. 6000,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 5000,-.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det 13 personar med røysterett på og/eller ved Arlien. Det var: 1. Gardbr. Ole J. Stræte, 50 år, 2. Husmor Sina S. Stræte, 47 år, 3. Johannes Simensen, tenar, 55 år, 4. Erik Kristensen, arbeidar, 73 år, 5. Føderådsmann Simen Thoresen Arlien, 94 år, 6. Husmann Simen Simensen, 50 år, 7. Husmor Marte Olsdr., 55 år, 8. Husmann Lars Iversen, 52 år, 9. Husmor Sedsel Jakobsdr., 52 år, 10. Husmann Amund Torgersen, 61 år, 11. Arbeidar Ole Erlandsen Brobakken, 63 år, 12. Husmann Martinus Amundsen Sørhagen, 26 år, 13. Husmor Pauline Olsdr. Sørhagen, 32 år.

Av handlar i seinare tid med Arlien ell. parsellar av garden kjem så at i 1920 tilhandla Kr. Bergersen seg brn. 3 Sørhagen av skyld 0,11 mark, og i 1926 skjøta så Ole Stræte Arlien ættegarden over til sonen Sigurd Arlien. – Ved jordbruksregistreringa av 1939 vart jordbruksarealet av åker, hage og eng oppgitt til ca. 220 mål (da), og eigar og brukar av Arlien var Sigurd O. Arlien.